



Det er vintersolkverv i dag og det går mot lysare dagar.

**Det er i dag, måndag 21. desember, vintersolkverv. Etter dagar og veker med regn frå morgon til kveld, blir det litt meiningslaust å snakka om at sola «snur». Men slik er det faktisk, for måndag 21. desember er det vintersolkverv, trass i at sola er usynleg – i alle fall for oss her på Vestlandet.**

Vintersolkverv eller vintersolsnu er den kortaste dagen i året, og er alltid ein del av vinteren, uansett kva vår vi har. «Kvervet» skjer når den nordlege eller sørlege halvkula har størst helling vekk frå sola. I nord er dette gjerne den 21. eller 22. desember og i sør den 21. eller 22. juni.

På den motsette halvkula vil same dagen vera sommarolkverv. Hendinga er blitt markert som byrjinga på vinteren nokre stader, til dømes i Kina, der festivalen Dong Zhi fell på denne dagen. I det nordlege Europa har dagen derimot vore sett på som midtvintersdagen, som ein lenge har feira med jul.

Det er mange gamle tradisjonar og folketru knytta til vintersolkverv, og mykje kunne gå gale denne dagen. Difor skulle det korkje spinnast, kjernast eller gjerast noko arbeid som gjekk rundt og rundt. Nokon trudde endåtil at horna på kyrne losna og at vatn vart til vin då sola snudde. Mange meinte òg at det kom mildvær denne dagen, den såkalla kakelinna, eit ord som kom av bakinga til jul. Men den 21. desember skulle ein helst ikkje baka. På den andre sida var det ein god ølbryggjingsdag og det var gunstig å skvetta litt øl på peisen fordi den då ville trekkja betre.

Å feira at sola snur eller kjem att, har vore vanleg blant mange folkeslag og på mange stader. Nokon undrast på om vintersolkverv skjer til same tid kvart år. Svaret er nei, for det er ein viss variasjon i klokkeslettet frå år til år. Vintersolkverv kan faktisk gå føre seg både 21. og 22. desember, medan kalenderen opererer med den første datoen av praktiske grunnar.

Tekst: Kristian Hus

Foto: Mona Vethus

Nett: Kristian Bringedal